



Innkalling av Næringsfondsstyret

Møtedato: 09.02.2022
Møtestad: Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 09:30

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2022	Godkjenning av møteprotokoll
003/2022	Orienteringssaker
004/2022	Søknad om tilskot til kjøp av hjullaster - Svein Mo AS

2. februar 2022

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/39

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2022	Næringsfondsstyret	PS	09.02.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/39

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2022	Næringsfondsstyret	PS	09.02.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 04.11.2021

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/39

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2022	Næringsfondsstyret	PS	09.02.2022

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223, FA-U01	22/33

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2022	Næringsfondsstyret	PS	09.02.2022

Søknad om tilskot til kjøp av hjullaster - Svein Mo AS

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 577 500,- i tilskot til Endre Mo AS til innkjøp av hjullastar Cat 950 M, 2019-modell. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg, og vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
2. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedtaket er heimla i *Vedtekter for næringsfondet* (KS-sak 045/2017) og vert gjeve som bagatellmessig stønad.

Saksopplysningar:

Svein Mo AS søkjer næringsfondet om kr. 577 500,- i tilskot til innkjøp av hjullastar – Cat 950 M, 2019-modell. Søklar viser til at samla kostnader er rekna til kr. 1 650 000,-, kor kr. 1 072 500,- skal finansierast med banklån. Søknadssummen utgjer 35 % av samla kostnader.

Bakgrunn

Søklar viser til auka aktivitet/oppdragsmengde i slik grad at det m.a. gjev grunnlag for arbeid til 2 tilsette i full stilling i verksemda. Oppdragsauken er knytt til sand og grustransport for Modalen Sandtak AS. Det er såleis naudsynt at det vert stilt tilstrekkeleg med anleggsutstyr til rådvelde

(hjullastar og lastebil) for å kunne viareta oppdrag. Hjullastaren vil også kunne bli nytta innanfor den øvrige drifta til selskapet. Det vil m.a. kunne gjelde oppdrag knytt til avtalar med Eviny AS, Presis Veidrift AS m.fl. Søkjar viser til at det har vore eit godt oppdragsgrunnlag for verksemda ved at det i periodar har vore naudsynt å leige inn ekstra arbeidskraft. Det vert vist til at stønad slik søkt om vil bidra til styrking av verksemda, og med det også arbeidsplassar.

Vurdering

Strategisk næringsplan for Modalen kommune vektlegg innanfor fokusområdet *Naturressursar* mål om om at *Modalen kommune skal utvikle berekraftige næringar basert på lokale naturressurar*. Dette er i planen nærare skildra som *å leggje til rette for næringar som byggjer på lokale ressursar, samt å leggje til rette for foredling av nisjeprodukt/naturressursar*. Det skal såleis vere ei aktiv støtte m.a. frå næringsfondet.

Søkjar er ein aktiv næringsaktør innanfor verdikjeda som byggjer på naturressursar ein finn i Modalen. I samarbeid med øvrig næringsaktør bidrar selskapet m.a. til sand- og grusuttak og foredling. Verksemda har funne seg ei nisje, men syt også for å ha fleire bein å stå på gjennom entreprenørverksemd relatert til brøyting, transport, graving, rydding etter ras, grøfting m.m.

Sentrale kriteriar i vurderinga av stønad er grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemdar. Her vert det vurdert om tilskot kvalifiserer innanfor lågare grad (inntil 20 % stønad), middels grad eller høg grad (inntil 50 % stønad). Tiltaket har eit umiddelbart potensiale til at det sikrar ein arbeidsplass i tillegg til eksisterande tilsett. Dette er viktig i Modalen, då kvar einaste nye arbeidsplass bidrar til at kommunen har eit aktiv næringsliv. Gjennom å sikre desse arbeidsplassane sikrar ei / aukar samstundes busetnadsgrunnlaget i kommunen – dette er ein ynskt utvikling.

Rådmannen si vurdering er at tiltaket som vert søkt om er grundig og godt forankra. Det heftar låg risiko for ikkje å nå målsetjinga for tiltaket. I vurderinga av søknadssum sett i forhold til sysselsetjingsgrad, er vurderinga at tiltaket kvalifiserer for kategori 2 – middels grad (jfr. strategisk næringsplan) – inntil 35 % stønad.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune løyver kr. 577 500,- i tilskot til Endre Mo AS til innkjøp av hjullastar Cat 950 M, 2019-modell. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg, og vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
2. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om

sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedtaket er heimla i Vedtekter for næringsfondet (KS-sak 045/2017) og vert gjeve som bagatellmessig stønad.

Vedlegg:

Resultat og balanserapport

Årsrekneskap

Pantedokument

Salgsavtale

Bakgrunn for søknad

Søknad om tilskot til kjøp av hjullaster